




FDV-PROGRAM

for klatreparkar levert av Klatrejungel AS
med kutterflis som fallunderlag

2018

99 20 50 90 | rune@klatrejungel.no

 klatrejungel.no



Innhald

-  **Kontaktopplysningar**
-  **Garanti**
-  **Vandalisme**
-  **Tilsyn og vedlikehald**
-  **Behov for dokumentasjon**
-  **Viktige moment ved kontrollarbeidet**
 - 1. Ettersyn av boltar og skruar
 - 2. Straming av nett
 - 3. Ettersyn av treverk
 - 4. Ettersyn av fallunderlag
 - 5. Bruk om vinteren
 - 6. Intervallar for ettersyn


SKJEMA/DOKUMENT

Desse kan fritt brukast og endrast.

- ❖ Kartleggingsskjema for "Rutinemessig ettersyn "
- ❖ Kartleggingsskjema for "Funksjonsettersyn "
- ❖ Kartleggingsskjema for "Årleg Hovudettersyn "
- ❖ Bruk av aktivitetsjungelen vinterstid
- forslag til bruk på skular/barnehagar



Eigarar av klatreparkar levert av Klatrejungel AS, kan kopiere frå dette FDV-programmet til bruk internt.
Viss ein ynskjer å nytte materiellet på anna vis, må ein innhente skriftleg løyve til det.



Kontaktopplysninger

Ta kontakt ved behov for informasjon eller rettleiing omkring vedlikehald av klatreparken, eller for andre tilhøve knytt til klatreparken.

Kontaktperson: Rune Berge

Telefon: 99 20 50 90

E-post: rune@klatrejungel.no

Garanti

Nettutstyret vil ha svært liten forringende slitasje og vil ved normal bruk, halde i fleire tiår.

KLATREJUNGEL as gir 10 års garanti mot svikt som følgje av material- eller fabrikasjonsfeil.

På slitedelar som sjaklar og augemutrar er det 5 års garanti.

Garantien føreset tilsyn i samsvar med gjeldande standard.

Garantien gjeld ikkje for skader som har oppstått ved misbruk eller hærverk.

Det kan skje at einskilde skruar i kryssballane eller i festehylsene for taua, kan knekke. Det er og tenkeleg at ein og annan kryssball kan sprekke. I begge desse tilfella, vil KLATREJUNGEL as levere nye skruar og/eller kryssballar (delt reparasjonsball).

I kryssballane må det kun brukast originale syrefaste skruar for å unngå rust og bruk av skruar med feil dimensjon.

Ved reklamasjon blir nye deler dekket. Arbeidet ved utskifting må kunden ta sjølv.

Vandalisme


Tauverket består av fleirslått tau der kvar kord har ei 2,5 mm tjukk stålkjerne av tvinna ståltråd og er såleis tilnærma vandalsikkert. Skulle det likevel skje at nokon har gjort hærverk med grovare kuttereiskap, kan taua lett reparerast utan at kvaliteten av utstyret blir nemneverdig redusert.

Viss det skulle bli behov for det, vil eg kunne levere materiell til slik reparasjon.

Tilsyn og vedlikehald

Sjølv om utstyret i parken er svært bestandig, er det likevel behov for tilsyn og vedlikehald av parken og parkområdet for at funksjon og sikkerheit skal oppretthaldast. Såleis er det både krav om, og behov for oppfølging av området og installasjonane. I følgje Lov om produktkontroll, forskrift om leikeplassutstyr og forskrift om internkontroll, skal leikeplassutstyr ha tilsyn og vedlikehald for å hindre skader og ulykker.

Standarden NS-EN 1176-7: "Veiledning for montering, ettersyn, vedlikehold og drift", legg føringer på det arbeidet som bør gjerast. Av omsyn til opphavsretten,



kan vi ikkje gjengi innhaldet av standarden her, så vi vil tilrå å skaffe seg den hos Standard Norge (E-postadresse: pronorm@standard.no).

Ved sida av denne standarden, har Standard Norge/Pronorm utgitt "Veiledning til Norsk Standard NS-EN 1176 med forklarende illustrasjoner" (ISBN: 82-7202-541-8). Den er ikkje heilt oppdatert, men vi vil likevel anbefale på det varmaste, då den gir mykje og god informasjon omkring tryggleiken på aktivitets- og leikeområde.

Behov for dokumentasjon

Kontroll av utstyret og aktuelt vedlikehaldsarbeid bør dokumenterast. Dokumentasjonen vil naturleg passe som ein del av internkontrollen på staden. Døme på kontrollskjema ligg vedlagt.

I "Veiledning til Norsk Standard NS-EN 1176 med forklarende illustrasjoner" vil ein finne anbefalingar på måten ein organiserer kontrollarbeidet.

Viktige moment ved kontrollarbeidet

1. Ettersyn av boltar og skruar

Ved montering er treverket rimeleg tørka, så treverket vil ikkje krympe vesentleg. Det meste vil skje første våren/sommaren.


Uansett er det viktig å ta omsyn til fylgjande:

- 1.1 Boltar og skruar må ettertrekkast ved behov. Viktigaste sjekktidspunktet er om våren/forsommaren, då treverket då er på det tørraste.
Lause boltar vil kunne føre til stor slitasje på treverket og føre til større belastning på bolten.
- 1.2 Over tid vil det bli slitasje der kjetting er festa til augeboltane. Når slitasjen utgjer ca 1/4 av tjuknaden, bør bolten og/eller sjakalen bytast ut.

2. Straming av nett-tårnet

Nett-tårnet er utstyrt med strekkfiskar, noko som gir høve til etterstraming av tauverket. Slik straming er ikkje naudsynt med omsyn til tryggleiken ved utstyret, men det kan likevel vere aktuelt.

Det er såleis opp til dykk om de ynskjer å foreta oppstraming av tårnet. Det vil vere slik at det meste av strekken vil skje i tida rett etter at utstyret er tatt i bruk.



3. Ettersyn av treverk

Sol og vind vil føre til uttørking av treverket, noko som kan føre til sprekkdanning og flising. Den påførte beisen, vil motverke dette, men det vil vere behov for å etterbehandle overflata.

Fargekode på stolpane: Burmateak 623 – gul base (oljebeis)

Intervall for påføring av nytt strok beis, vil vere heilt avhengig av dei lokale tilhøva for sol, vind og nedbør. Uansett bør ein av og til foreta inspeksjon for å avdekke om det har oppstått uakseptabel sprekking og/eller utflising. Desse må skjerast eller slipast bort.

Som ein del av det årlege hovudettersynet, er det og naturleg å foreta kontroll av rote på ballansestokken og på stolpane. Rotenden på stolpane, vil vere særleg utsett. Så det er tilrådeleg å etterbehandle rotenden med antiparasitt eller anna impregnering og elles beise etter behov. Utanom rotenden på stolpane, er det særleg ballansestokken som kan vere utsett for rote, men den er det nok å beise.

Inspeksjon av dette, så ein har kontroll med eventuell rotedanninga, er ein viktig del av hovudettersynet.

Vanleg intervall for etterbehandling, kan vere 3 – 4 år.

4. Ettersyn av fallunderlag

Fallhøgda frå nokre av installasjonane, er relativt høg. Desto viktigare er det at det ikkje kjem inn framandlekamar som greiner, steinar, sykklar osv. under klatreelementa.


Med jamne mellomrom må ein sjekke om fallunderlaget har den konsistensen og tjuknaden den bør ha. Viss fallunderlaget er blitt komprimert, noko som kan skje etter lite vedlikehald, må den bearbeidast så den blir porøs igjen. Det enklaste er å fare over med ein lett jordfres, men ein må passe på å ikkje gå så djupt at ein kjem ned i duken som ligg under fallunderlaget. Dette bør gjerast etter behov eller minst ein gong i året.

Det må vere minst 30 cm med fallunderlag under dei høgaste elementa og elles minst 20 cm.

5. Bruk om vinteren

Om vinteren vil snø og is kunne gjere fallunderlaget mindre porøst. Viss snøen blir trakka hard og/eller ved vekslende regn- og frostvêr, kan det i verste fall bli rein is. Vinteren er noko vi må lære oss å leve med, og det gjeld og i samanheng med fysisk aktivitet. Så om vinteren kjem ein ikkje utanom at fallunderlaget ikkje alltid er like bra som det ville ha vore utan snø og frost. Men ein stad går grensa for kva som er akseptabelt.

Retningslinjer bør strekkast opp for kva ein vil tillate.




For at områda der det er fare for relativt høge fall, skal kunne brukast mest mogeleg, vil vi tilrå følgjande:

- 5.1 Om hausten bør ein kontrollere at dei kritiske områda er så porøse som mogeleg. Ein bør unngå djupe søkk i fallunderlaget, då det der kan samle seg vatn viss underlaget er frose. Vassdammar er i det heile eit varsko om at noko bør gjerast.
- 5.2 Ein bør finne fram til rutinar som fungerer, for å sikre at underlaget ikkje blir dekkja av is. Viss det dannar seg isskorpe av kulde-vatn-snø-frysing-smelting, må ein hakke denne opp. Is er vesentleg hardare enn sjølv hardpakka snø så det må unngåast. Under føresetnad av at dreneringa er i orden, vil det oftast vere nok med lett bearbeiding med hakke eller anna for å unngå at det skal danne seg isskorpe.
- 5.3 Når klatreparken vert nytta av skular eller barnehagar, bør skulen/barnehagen sine råd og utval diskutere problematikken omkring temaet, og eventuelt gjere naudsynte vedtak omkring leik om vinteren. Ein bør kome fram til nødvendige kontroll- og vedlikehaldsrutinar som vert lagt til grunn for endeleg vedtak.
Desse vedtaka vil vere viktige dokument i samanheng med internkontrollen på skulen, og vere det som skal til for å forsvare bruk av leikeapparata også når vêrtilhøva gjer det vanskeleg og til dels uråd å oppretthalde fullgodt fallunderlag.
Forslag til dokument som kan brukast til dette, ligg vedlagt (dette kan fritt brukast og endrast).

6. Intervallar for ettersyn (etter Norsk standard)

- 6.1 Rutinemessig visuelt ettersyn ...
... bør utførast for å identifisere om framandgjenstandar som stein, greiner eller anna har hamna inne på fallunderlaget. Ein må og sjå etter synlege defekte delar.
Intervall: Frå ein til sju dagar, etter behov.
- 6.2 Funksjonsettersyn ...
... utførast med tanke på å undersøke om utstyret sin virkemåte og stabilitet er intakt.
Intervall: Kvar tredje månad.
- 6.3 Årleg hovudettersyn ...
... utførast med intervall på ca eit år for å fastslå den generelle sikkerheita til utstyr, fundament/forankring og underlag.
Hovudettersynet bør utførast av teknisk kompetent personell.





Kartleggingsskjema for RUTINEMESSIG ETTERSYN

Utført av:

Utført dato:

Merknader:

ALT OK:

(signatur)

AVVIKSSKJEMA

TYPE AVVIK	TILTAK	ANSVARLEG	UTFØRAST INNAN	UTFØRT (dato/signatur)



Kartleggingsskjema for FUNKSJONSETTERSYN

Utført av: _____

Utført dato: _____

Merknader: _____

ALT OK: _____

(signatur)

AVVIKSSKJEMA

TYPE AVVIK	TILTAK	ANSVARLEG	UTFØRAST INNAN	UTFØRT (dato/signatur)



Kartleggingsskjema for ÅRLEG HOVUDETTERSYN

Utført av: _____

Utført dato: _____

Merknader: _____

ALT OK: _____

(signatur)

AVVIKSSKJEMA

TYPE AVVIK	TILTAK	ANSVARLEG	UTFØRAST INNAN	UTFØRT (dato/signatur)



BRUK AV AKTIVITETSPARKEN VINTERSTID

På grunnlag av diskusjon omkring leik om vinteren, og med føresetnad av at vedlikehaldsrutinar som skulen har lagt opp til, blir fylgde, har skulen sine representative organ gjort fylgjande vedtak om bruk av aktivitetsparken om vinteren når det er snø og/eller frost.

I. BEHANDLING I FORELDRA SITT ARBEIDSUTVALG (FAU)

Dato: Sak nr.:

FAU seier (ja/nei) til å bruke aktivitetsparken om vinteren når det er snø og/eller frost.

II. BEHANDLING I SAMARBEIDSUTVALET (SU)

Dato: Sak nr.:

SU seier (ja/nei) til å bruke aktivitetsparken om vinteren når det er snø og/eller frost.

REKTOR SIN KONKLUSJON

Underteiknande seier (ja/nei)

til å bruke aktivitetsparken ved (skule)

om vinteren når det er snø og/eller frost.

Dato: Signatur: